



MUSEUMSSENTERET i Hordaland

Gjerstad 19.05.2016

Til Hordaland fylkeskommune

Søknad om kr 100 000 til utgjeving av boka Klingjande steinar.

Klingjande steinar er ein tverrfagleg, tredelt publikasjon der den nordatlantiske tekstilarven, her representert ved oppstadveven, står i sentrum.

Del I: Her vert det fortalt tre nasjonale historier - frå Noreg, Island og Shetland - med vekt på arbeid og produkt.

Del II: Lærebok med instruktive framgangsmåter og med tilrettelagte oppskrifter både tradisjonelle og rekonstruerte. I denne delen vil praktisk forskning og utforsking vera godt representert.

Del III: Faglege spesialartiklar vigd arkeologiske og etterreformatoriske tema.

Diskusjonen om å sikra og å vidareføra den ikkjematerielle kulturarven ligg som innleiing og avslutning. Hovudspråk er engelsk, men med norske og islandske oppskriftstekster.

Boka er eit tverfagleg samarbeid mellom islandsk, shetlandsk og norsk forfattar og har sitt utspring i ei rekkje praktiske kurs i vestlandsk åklevev på oppstadvev haldne på Osterøy museum frå 2010 av. Dette året møttest vev- og tekstilkyndige Elizabeth Johnston frå Shetland, Hildur Håkonardottir frå Island og kursleiar Marta Kløve Juuhl kring veven. Sidan den tid har dei arbeidd for ei ny og internasjonal oppskriftsbok om denne alderdommelege vevtypen, til oppdatering og fornying av den allereie eksisterande heftet, Oppstadvev frå 2000.

Gjennom åra har det tette samarbeidet ført til ei utviding av rammene slik at boka no gjev

- eit historisk oversyn over denne delen av den felles nordatlantiske kultur- og tekstilarven
- gode og rettleiande framgangsmåtar og oppskrifter på korleis ein skal kunna veva, både nasjonale tradisjonstekstilar, og døme på friare bruk
- innsikt i korleis gamle og forlengst gløynde vevemåtar kan få nytt liv gjennom praktisk og utøvande forskning.

Forfattarane har kvar på sin kant etablert eit sterkt vevnettverk i løpet av desse åra. Eit resultat er at boka også inneheld eit knippe artiklar som utdjuvar temaet tekstilproduksjon fagleg og utvidar det

geografisk; det siste representert ved arbeidet til forskaren Katherin Larson frå USA som knyter sitt arbeid tett opp til utøvande forskning. Førhistoria og mellomalderen har fått utfyllande omtale frå Noreg (Øye) og Island (Hayvor Smith). Shetlandske ryer - Taatit Rugs frå etterreformatorisk tid (Christiansen) - knyter banda både attende til den islandske varafellen og fram i tid til våre egne ryer.

Interessa for å ta vare den handlingsborne kunnskapen ligg bak denne satsinga frå Museumssenteret i Hordaland, likeeins å formidla røymsler frå dei ulike vegar tradisjonsformidlinga kan gå. Dette vert omtala av Sigridur Sigurdardottir. Tradisjonsformidling og den ikkjematerielle kulturarven ligg som ei ramme kring det heile; i innleiing ved direktør ved Museumssenteret i Hordaland, Atle Martinussen, som også er redaktør, og i avslutting, seniorkonservator Randi Andersen.

Utgangspunktet og heilt sentralt i boka er handboksdelen som inneheld rettleiing og oppskrifter; for korleis du kan byggja ein vev, setja den opp og framgangsmåtar for dei ulike tekstilane ein kan veva. Sentrale delar av brukarhandboka vil verte trykka på Islandsk og norsk. Elles er språket engelsk. Det er lagt stor vekt på gode og pedagogiske forklaringar og forteljande illustrasjonar som ramme for fagleg spennande framstillingar.

Manus er klart til levering. Skald er vald som forlag. Boka vil koma ut i september i år.

Vedlagt ligg budsjett.

Venleg helsing

Atle Ove Martinussen

Direktør

(sign)

Randi Andersen

skrivar